



Sissel Breivold Roland
Romsdalveien 99
9537 Tverrelvdalen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Bremanger kommune, gbnr. 41/1 m.fl. Klage på områderegulering, Holmaneset, planid. 4648 202301.

Vi viser til oversending av klagesak frå Bremanger kommune den 12.05.2025, som gjeld klage på vedtak frå kommunestyret 20.03.2025, sak KST-003/25, godkjenning av områdereguleringsplan for Holmaneset, planid. 4648-202301.¹ Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland opphevar vedtaket frå Bremanger kommunestyre 20.03.2025, sak KST-003/25, der områdereguleringsplanen for Holmaneset, planid. 202301, vart godkjent. Vi sender saka tilbake til Bremanger kommune for ny vurdering. Vi ber kommunen om å gjere ei grundigare vurdering etter naturmangfaldlova, jf. § 7, jf. §§ 8-12.

Bakgrunn for saka

Planprosessen for områderegulering på Holmaneset vart starta opp den 02.02.2023. Planen legg opp til etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk for produksjon av grøn hydrogen og grøn ammoniakk. Anlegget vil mellom anna innehalde lagerbygningar, verkstad, garderobefasilitetar, kantine, kontor, tilgangskontroll og gjerde, hydrogenelektrolyse, ammoniakksyntese, ammoniakktank for lagring, trafostasjon og to hamneanlegg. Prosjektet skal forsyne både den norske og europeiske marknaden med grøn energi, og eksport av sluttproduktet skal skje via skip.


Kommunestyret gjorde den 27.04.2023 vedtak om planoppstart og at framlagt planprogram skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen (alternativ 2A og 2B) var på høyring frå 06.09.2024 til 31.10.2024. Det kom inn fleire merknader og motsegn til planen.² Det vart difor gjort ein del endringar og tilpassingar før planen vart endeleg godkjend.

¹ Sjå Bremanger kommune si postliste, sak 2024/2251 https://bremanger.kommune.no/tenester/politikk-og-innsyn/postliste-og-innsyn/postlista/#/details/a-0baea8f5_defa_4603_b396_17b5d409cf0e-2022009430!2xgsSz og digitalt planregister <https://www.arealplaner.no/4648/arealplaner/93?term=holmaneset>


² Sjå oppsummering av innkomne merknader, med kommentar frå kommunen, datert 20.02.2025 og Merknadsbehandling, datert 18.02.2025, med kommentarar frå forslagsstillar v/Henning Larsen.



Kommunestyret i Bremanger godkjente områdereguleringsplanen for Holmaneset (planalternativ 2B) den 20.03.2025, sak KST-003/25. Det endelige planvedtaket vart kunngjort den 27.03.2025, med klagefrist den 24.04.2025.



Kartet viser planområdet Holmaneset (lilla), Tennøyane naturreservat som er nemnt i klagane (gul), konsentrasjonen av klagane (raud) og tettstaden Svelgen (brun). Nedanfor er plankartet med teiknforklaringar og planområdet i bilete pr. 2024.



Det kom inn 14 klagar på vedtaket, og 7 av klagane er realitetshandsama.³ Alle klagane er mottekne til rett tid. Klagane gjeld i korte trekk naboulempen og konsekvensar for nærområdet, konsekvensane for naturverdiane i og rundt Holmaneset, manglande vurdering etter naturmangfaldlova, manglande alternativvurdering og andre manglar og feil i kommunen si sakshandsaming. Vi viser til klagane i sin heilskap og vår gjennomgang og vurdering av klagegrunnane.

1. Klage frå Sissel Roland, gbnr. 36/5, klage datert 28.03.2025.
2. Klage frå Marit Dyrstad, gbnr. 36/26, klage datert 05.04.2025.
3. Klage frå Karl-Heinz Wenderoth, gbnr. 36/28 og Lars Roald Løvfald, gbnr. 36/37 og 38, klage datert 16.04.2025.
4. Klage frå Trude Hessvik-Trøyte, gbnr. 36/3 og 7, klage datert 24.04.2025.
5. Naturvernforbundet nasjonal, regionalt og lokalt, klage datert 24.04.2025.
6. Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, klage datert 24.04.2025.⁴

³ Sju av klagane er avviste av kommunen på grunn av manglande rettsleg klageinteresse. Vi stadfesta kommunen si avvisning i vedtak datert 30.06.2025, sak 2025/10330.

⁴ Ein interesseorganisasjon der føremålet og verksemda til organisasjonen har direkte tilknytning til tiltaket, vi meiner difor at organisasjonen har tilstrekkeleg tilknytning til saka og har rettsleg klageinteresse, jf. Sivilombodets årsmelding for 2003 s. 251



7. Klage frå grunneigarar rundt Holmaneset, sendt inn av senioradvokat Marianne Aadland Sandvik hjå Harris Advokatfirma AS,⁵ klage datert 24.04.2025.⁶

Forslagsstillar⁷ er førelagt klagane, og har kommentert desse via advokat Ole Christoffer Ellingsen hjå advokatfirmaet Thommessen AS den 29.04.2025. Det er peika på at klagegrunnane i stor grad er kjende for kommunen og handsama tidlegare i planprosessen. Forslagsstillar legg til grunn av krava til konsekvensutgreiing i KU-forskrifta og i plan- og bygningslova er oppfylt. Vidare har forslagsstillar kommentert (i hovudsak) klagepunkta frå grunneigarane rundt Holmaneset (senioradvokat Sandvik) (pkt. 3.2), Naturvernforbundet (pkt. 3.3) og Folkeaksjonen (pkt. 3.4).

Bremanger kommune har gitt vedtaket delvis utsett verknad i avgjerd datert 10.04.2025, sak 028/25.⁸ Statsforvaltaren i Vestland har i avgjerd datert 02.05.2025, sak 2023/7236, gitt heile vedtaket utsett verknad til endeleg klagehandsaming er avslutta.

Alle klagane er handsama av formannskapet i Bremanger den 08.05.2025, sak 038/25. Kommunestyret i Bremanger har handsama klagane i møte den 17.06.2025, sak 024/25. Klagane er ikkje tatt til følgje, vedtaka i formannskapet og kommunestyret er like og saka er sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Statsforvaltaren i Vestland har den 22.05.2025 bedt Bremanger kommune om å kommentere merknaden frå advokat Sandvik. Tilbakemeldinga frå Bremanger kommune er datert 24.06.2025.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Eventuelle ueinigheter mellom Statsforvaltaren og kommunen om innhaldet i planen, skal i utgangspunktet løysast gjennom motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova § 5-4 flg. Det er likevel klart at Statsforvaltaren ved klagehandsaminga av reguleringsplanar, som i andre klagesaker, har full prøvingstilgang- og plikt.⁹

Forvaltningslova gjeld elles ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. plan- og bygningslova § 1-9. Etter forvaltningslova § 17 første ledd skal eit forvaltningsorgan sjå til at saka er «*så godt opplyst som mulig*» før det vert gjort vedtak, jf. også §§ 24, 25 og 33. Føresegna uttrykker eit undersøkingsprinsipp som gir det forvaltningsorganet som skal

(Somb-2003-78) og SOMB 2017/2102. Sjå også merknad datert 15.06.2025 om kommunen sin «*Folkehelseprofil for 2025*» og tilleggsmernad datert 04.07.2025.

⁵ Det er klaga på vegner av Silje Dyrstad og Haukeland, gbnr. 36/2, Sissel Dyrstad, gbnr. 36/27, Trude og Andreas Hessvik-Trøite, gbnr. 36/3 og 7, Toya Hatlestad og Kristin Johanne Bratland, gbnr. 36/12, Svein Olav Hessvik, gbnr. 36/3, Ståle Martin Syrstad, gbnr. 36/30, Anne Bjørnsen, gbnr. 41/18, Reidun Øvrebotten, gbnr. 36/16, Sissel Roland, gbnr. 36/5, Andrea Kramarova, gbnr. 36/36, Svanhild og Rasmus Leirvik, gbnr. 36/8, Linda Leirvik, gbnr. 35/41 og Magnus Leirvik, gbnr. 36/09.

⁶ Sjå også merknad datert 15.05.2025, 09.05.2025 og 25.06.2025. Vi har også motteke fleire merknader på e-post frå Sissel Dyrstad.

⁷ Holmaneset H2 AS tidl. Fortescue Future Industries (FFI). Org.nr. 929 375 467.

⁸ Utsett verknad med unntak av for dei arkeologiske utgravingar i samsvar med pkt. 2.2 i planføresegna.

⁹ Sjå mellom anna SOM-2009-1402 og SOM-2022-3102.



gjere vedtak i saka eit sjølvstendig ansvar for opplysninga av saka. Forvaltningsorganet sitt ansvar for at saka er tilstrekkeleg opplyst knyter seg i utgangspunktet til vedtakstidspunktet.¹⁰

Forvaltningslova § 24 første ledd slår fast at «*enkeltvedtak skal grunngis*». Dei krava som vert stilte til innhaldet i grunngjevinga går fram av forvaltningslova § 25. Grunngjevinga «*skal vise de reglene vedtaket bygger på*» og grunngjevinga skal «*gjengi innholdet av reglene vedtaket bygger på*» dersom det er nødvendig for at partane skal vere i stand til å forstå vedtaket. I tillegg vert det slått fast at «*[h]ovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av det forvaltningsmessige skjønn, bør nevnes.*»

Etter plan- og bygningslova § 3-3 er det kommunestyret som er kommunal planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med kommunale reguleringsplanar. Det er kommunestyret som etter ei omfattande vurdering av dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegner om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast. Sakshandsamingsreglane som gjeld for utarbeiding og endring av arealplanar, skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. Planarbeid skal i samsvar med plan- og bygningslova § 1-1 fremje lova si målsetting om berekraftig utvikling til beste for den enkelte, for samfunnet og framtidige generasjonar. Reguleringa skal byggje på det som kommunestyret ser på som den mest gunstige arealdisponeringa ut frå ei samfunnsmessig heilskapsvurdering. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot kvarandre. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for enkelte.

Den primære oppgåva vår som klageinstans for kommunale planvedtak, er å ivareta rettstryggleiken til den enkelte. Dette omfattar mellom anna å kontrollere at planvedtaket er lovleg, at saka er forsvarleg opplyst, og at sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova, medrekna føresegnene om medverknad, er følgde. Statsforvaltaren kan oppheve vedtaket og returnere saka til kommunen for ny handsaming, og eventuelt ei ny vurdering av arealbruken. Dette føreset at det er gjort feil som gjer vedtaket ugyldig.

Statsforvaltaren skal også kontrollere at skjønnnet er lovleg, altså at resultatet bygger på saklege og relevante omsyn, og at avgjerda ikkje fører til eit kvalifisert urimeleg resultat. Det siste skal mykje til, ikkje minst i plansaker, der utgangspunktet er at grunneigarane må tole både arealrestriksjonar og -inngrep på eigedomane sine, dersom kommunestyret har kome til at andre omsyn veg tyngst.

Statsforvaltaren skal vise varsemd med å overprøve dei konkrete arealbruksvurderingane i planvedtaket. I saker der det ikkje ligg føre motsegn frå offentlege sektorstyresmakter, ligg det i utgangspunktet til kommunestyret å ta stilling til dei ulike interessene og konfliktane, med mindre standpunkta saknar forsvarleg grunngjeving. Avgjerda om framtidig arealbruk bygger på både planfagleg og lokalpolitisk skjønn, der kommunestyret sine egne avvegingar må gjevast stor vekt, jf. forvaltningslova § 34 andre avsnitt.

Dersom det blir gjort sakshandsamingsfeil under arbeidet med ein reguleringsplan, vil vedtaket likevel kunne vere gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha påverka resultatet i saka, jf. forvaltningslova § 41.

¹⁰ Jf. SOMB-2022-3102.



Statsforvaltaren si vurdering

Innleiande avklaringar for klagehandsaminga

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33. Saka gjeld klage på områdereguleringsplan for Holmaneset.

Statsforvaltaren i Vestland har også motteke krav om lovlegkontroll av Bremanger kommune sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplanen for Holmaneset, datert 20.03.2025, sak 003/25.¹¹ Lovlegkontrollen vert handsama i eiga sak, etter vi har handsama klagesaka her.

Handsaming av klagesaka, habilitet – Statsforvaltaren i Vestland

Det er i fleire av klagane hevda at Statsforvaltaren i Vestland er ugild til å handsame klagesaka og at det bør oppnemnast settestatsforvaltar. Dette er i hovudsak grunngjeve med at klagarane meiner Statsforvaltaren i Vestland hadde ei rettsleg plikt til å leggja ned motsegn i saka, fordi det er nasjonale og regionale interesser som er sett til side. Vidare er det vist til at statsforvaltaren sjølv har engasjert seg i saka, delteke på synfaring og sendt e-postar med tilsette i kommunen.¹² Det også hevda at Statsforvaltaren i Vestland er ugild til å sjølv vurdere om vi hadde plikt til å leggja ned motsegn eller ikkje.

Statsforvaltaren i Vestland har i fråsegn datert 19.02.2025 konkludert med at «*Utan å fremje motsegn rår vi, på bakgrunn av dei store naturverdiane som går tapt, sterkt frå å gå vidare med planen for utbygging på Holmaneset.*»

Vi vil innleiingsvis gjere ei vurdering av om Statsforvaltaren i Vestland kan handsame klagesaka som vanleg. Spørsmålet er om statsforvaltar Liv Signe Navarsete er ugild til å handsame klagesaka, og om dette i så fall gjer at ingen underordna hjå Statsforvaltaren i Vestland kan ta avgjerd, jf. forvaltningslova § 6 andre og tredje ledd. Påstandane frå klagarane er lagde fram for Liv Signe Navarsete.

Heimelen for å kunne leggje ned motsegn mot ein reguleringsplan følgjer av plan- og bygningslova § 5-4 første ledd. Om det skal leggjast ned motsegn eller ikkje, skal gjerast etter ei skjønnsvurdering, jf. «... kan fremme innsigelse ...». Utgangspunktet er at dei to ulike rollene Statsforvaltaren har, i plansaker og i klagesaker, ikkje i seg sjølv fører til ugildskap.¹³ Det at Statsforvaltaren har rådd frå at kommunen går vidare med planen, er ikkje i seg sjølv nok til at tilsette hjå Statsforvaltaren i Vestland er ugild til å handsame klagesaka. Heller ikkje at Statsforvaltaren har gitt tydeleg uttrykk for faglege synspunkt, er i seg sjølv nok til at nokon hjå Statsforvaltaren vert ugilde til å handsame klagesaka. Vurderingane som er gjorde i fråsegna datert 19.02.2025, der Statsforvaltaren som sektorstyresmakt ikkje brukte motsegn, er basert på faglege og saklege omsyn knytt til mellom anna skadeverknadene og samfunnsnyttan til tiltaket.

Det ligg ikkje føre tungtvegande kjelder (t.d. rettspraksis, fråsegner frå Sivilombodet o.l.) som støttar opp om at Statsforvaltaren har ei rettsleg plikt til å leggja ned motsegn, heller ikkje med grunnlag i Grunnlova § 112 eller folkeretten. Det er ingen tilsette hjå Statsforvaltaren i Vestland som har vist eit særleg eller personleg engasjement i saka, heller ikkje statsforvaltaren. Vi er heller ikkje kjende med at tilsette eller leiing har personlege interesser i saka. Korkje Liv Signe Navarsete eller andre tilsette er ugilde til å handsame saka etter å ha vore på synfaring. Vi kan heller ikkje sjå at e-postutveksling

¹¹ Statsforvaltaren i Vestland si sak 2025/7583, krav om lovlegkontroll motteke 12.05.2025.

¹² Sjå merknad frå Harris advokatfirma AS datert 25.06.2025.

¹³ Sjå planjuss, 2003, s. 36 og 37, [Planjuss_matNY](#)



mellom tilsette i kommunen og tilsette hjå Statsforvaltaren, inkludert statsforvaltaren sjølv, gjer nokon ugilde til å handsame klagesaka.

Det er eit moment i vurderinga at det er fremja krav om settestatsforvaltar i klagane og at det er hevda at Statsforvaltaren i Vestland har gjort ein «feil» ved å ikkje leggja ned motsegn. Dette er etter vår vurdering ikkje avgjerande eller tungtvegande moment i denne saka.

Etter ei samla vurdering har vi kome til at statsforvaltar Liv Signe Navarsete ikkje er ugild til å vera ansvarleg for at hennar underordna, eller ho sjølv, avgjer denne klagesaka.

Handsaming av plansaka, habilitet – Bremanger kommune, administrasjonen og kommunestyret

Det er i fleire av klagane hevda at delar av administrasjonen og kommunestyret i Bremanger kommune er ugilde til å handsame saka.¹⁴ Det er mellom anna vist til at nokon av politikarane bur nær Holmaneset og at fleire av dei som har vore med på å godkjenne planen, ville stått i fare for å minke verdien på egne eigedomar, dersom alternative område hadde blitt vurderte (Ålfoten).

Bremanger kommune har i klagehandsaminga svara ut dei påstandane knytt til habilitet som er komne i merknadene og klagane. Vi viser til klagehandsaminga s. 15 og 16, og til s. 19. Det er vist til at kommunalsjef for samfunn og utvikling, Karl Vidar Førde, som er grunneigar i Ålfoten, ikkje har vore involvert i kommunen si avgjerd om å ikkje gå vidare med planane om etablering i Ålfoten. Kommunen vurderte då at Ålfoten ikkje var eit realistisk alternativ. Vidare skriv kommunen at ingen av dei involverte i administrasjonen si handsaming av plansaka er ugilde etter forvaltningslova § 6.

Innleiingsvis i kvar politisk handsaming er habiliteten til politikarane vurdert. Påstandane om at dei som bur nærare enn 3,5 km frå Ålfoten og Smørhamn burde vurdert sin habilitet, blir avvist av kommunen som ikkje reell, sidan desse vert vurderte som ikkje relevante alternativ. Vidare viser kommunen til forvaltningslova § 8 om at det er organet sjølv som vurderer habilitet.

Folkeaksjonen har også i sin klage stilt spørsmål til at kommunen har «*anbefalt Holmaneset til konsultentselskapet WSP,*» at det er gjort endringar i konsekvensutgreiinga i arealdelen og at det synest som om kommunen har gjeve førehandsgodkjenning om realisering av industriprosjektet. Vidare er det hevda at avtalen som er inngått mellom kommunen og Fortescue om igangsetting av områdereguleringa, er i strid med føresegnar i reguleringsplanen frå 2010. Kommunen avviser sistnemnde, og viser til at striden med føresegna i eldre reguleringsplan, og at planlagt tiltak ville krevje meir areal enn det som var avsett i reguleringsplanen frå 2010, var grunnen til at området måtte regulerast på nytt.

Avtalar er heller ikkje bindande for kommunen som planmyndigheit, på den måten at dei må godkjenne ein plan. Det er kommunestyret som er planmyndigheit og som kan godkjenne ein plan og administrasjonen i kommunen kan aldri førehandsgodkjenne denne type planar. Kommunen skriv i brev til Statsforvaltaren datert 24.06.2025 at «*Sjølv om kommunen har inngått samarbeidsavtale om utarbeiding av områdeplan for Holmaneset er det ingen bindingar for at kommunen som planmynde må godkjenne planen eller arealbruken som blir foreslått.*»

Statsforvaltaren har ikkje merknader til kommunen sine vurderingar av påstandane om at personar i administrasjonen og kommunestyret er ugilde. Klagepunktet vert difor ikkje tatt til følge.

Handsaminga av plansaka, delegasjon i kommunen

¹⁴ Pkt. 6 i klaga frå Harris advokatfirma og pkt. 4.4 i merknaden. Sjå også merknad frå Jostein Eimhjellen, datert 24.06.2025.



Det er i klagane og i etterfølgjande merknad¹⁵ frå grunneigarane rundt Holmaneset, representert av senioradvokat Sandvik, hevda at det ligg føre sakshandsamingsfeil knytt til Bremanger kommune si klagehandsaming. Det er vist til at sentrale moment i klagane ikkje er vurderte, og det er stilt spørsmål til om formannskapet i Bremanger kommune hadde fullmakt til å handsame klagane.

Det er hevda at formannskapet i Bremanger kommune ikkje har fullmakt til å handsame klagane på reguleringsplanen. Etter kommunelova § 5-3 er det kommunestyret som er øvste organ i kommunen, og som kan gjere vedtak på vegner av kommunen.¹⁶ Bremanger kommune har den 17.06.2025, sak 024/25, handsama klagesaka i kommunestyret. Klagane er ikkje tatt til følge og grunngevinga er den same som i tidlegare vurdering og oversending frå formannskapet. Når klagen no er handsama av kommunestyret, ser vi ikkje grunn til å vurdere påstanden om at formannskapet ikkje hadde fullmakt til å handsame klagesaka.

Det er peika på at sentrale moment i klagane ikkje er vurderte av Bremanger kommune og at saka som er lagt fram for klagehandsaming, ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, jf. kommunelova § 13-1 tredje ledd. Vidare er det også hevda at kommunen i for stor grad har basert sine vurderingar på gjennomgangen av klaga gjort av advokat Ellingsen, datert 29.04.2025, på vegner av tiltakshavar. Statsforvaltaren i Vestland har den 22.05.2025 bedt Bremanger kommune om å kommentere denne merknaden. Bremanger kommune si tilbakemelding er datert 24.06.2025. Kommunen har i dette brevet svara på påstandane om mangelfull sakshandsaming, sjå pkt. 3.2. i merknaden og pkt. 1 til 11 i tilbakemeldinga frå kommunen.

Vi viser til at kort sakshandsamingstid (administrativ førebuing av klaga) ikkje i seg sjølv gjer handsaminga mangelfull. Klagegrunnane knytt til alternativsvurdering og lokasjonsstudie (jf. pkt. 3.2. underpunkt 1, 2 og 10) kjem vi tilbake til nedanfor. Det same gjeld for samfunnsnyttan (pkt. 3), samsvar med overordna plan/anna plan (pkt. 4, 5, 6, 7, 9 og 11) og påstanden om feil og manglar i konsekvensutgreiinga (KU) (pkt. 8).

Medverknad og offentleg høyring, jf. plan- og bygningslova kap. 5, jf. kap. 12.

Det er i fleire av klagane hevda at kommunen ikkje har teke omsyn til (eller svart ut) innkomne innspel i planprosessen, jf. plan- og bygningslova kap. 5. Reglane om medverknad frå råka partar og andre er styrt av reglane i plan- og bygningslova, generelt i § 5-1 og § 5-2, og i § 12-8 til § 12-10 om handsaming av forslag til reguleringsplanar.

Vi forstår at partar og naboar til planområdet har forventningar og ønske om å bli direkte involverte i planprosessar, særleg når det gjeld ein plan av stor samfunnsinteresse og verknad for lokalområdet.

Vi viser til at kommunen skal sikre at offentlege og private standpunkt vert sett lys på, slik at arealdisponeringa vert fastlagt på eit best mogeleg grunnlag. Dette er ikkje einslydande med at innkomne merknader skal takast til følge, men at motførestillingar skal gjerast synleg for kommunen før endeleg avgjerd. Dei som kjem med merknader har ikkje krav på at kvart eit innspel får ei eiga saksutgreiing eller handsaming, men at innspela vert refererte til og at det er gjort ei vurdering av kva vekt merknaden/innspelet har.¹⁷

Krava i plan- og bygningslova § 12-8 er at varsel om planoppstart skal sendast til offentlege styresmakter, registrerte grunneigarar, og «... for så vidt mulig ...» til andre rettshavarar og naboar til

¹⁵ Vi viser mellom anna til pkt. 3 og 5 i merknaden frå Harris advokatfirma.

¹⁶ Bremanger kommune, delegeringsreglement 2024-2027, vedtatt i kommunestyret 25.01.2024.

¹⁷ Sjå mellom anna O.J. Pedersen m.fl. (2018), del 1 s. 307.



planområdet. Slik vi les dokumentasjonen i saka er dette blitt gjort.¹⁸ Det er utarbeidd planprogram for planforslaget, jf. plan- og bygningslova § 12-9, jf. planomtalen pkt. 3.3., som var ein del av varsel om planoppstart. Vidare er planframlegga (alternativ 2A og 2B) lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 06.09.2024 til 31.10.2024, og det vart i denne perioden halde ope møte, ope kontor og folkemøte, jf. plan- og bygningslova § 12-10.

Det kom inn svært mange merknader til planen, både frå privatpersonar, organisasjonar, verksemder og offentlege styresmakter. Slik vi les merknadsskjema datert 18.02.2025 og 20.02.2025, er dei innkomne merknadene sette, vurderte og kommenterte. For nokre av merknadene har det ikkje ført til at kommunen fann grunn til å gjere endringar i prosessen eller planframlegget. Andre merknader og fråsegn har resultert i endringar i planen. Vi viser mellom anna til planomtalen pkt. 2 og Bremanger kommune sitt oversendingsbrev til Statsforvaltaren i Vestland, datert 28.01.2025, der det er lista opp endringar som er gjorde i samsvar med innkomne merknader. Sjå også kommunen si utgreiing i planvedtaket.

Etter høyringsrunden og innkomne merknader har kommunen valt å gå vidare med planalternativ 2B. Forskjellen i planforslaga ligg i tilkomstsituasjonen og utfyllinga i Djupevika.

Det er i klagane også peika på at økologisk kompensasjon ikkje har vore ute på høyring. Dette er kommentert av Bremanger kommune på s. 14 i oversendingsbrevet (i klagehandsaminga). Det er også hevda at lokasjonsvurderinga ikkje var ein del av høyringa. Det er i fleire av dei (etterfølgande) merknadane bedt om ny høyring, fordi ikkje all informasjon var avklart eller opplyst om i dokumentasjonen som var på høyring, og at det er gjort store endringar i planen i ettertid. Kommunen kommenterer dette og skriv i vedtak datert 20.03.2025, sak 003/25 at:

«Plan- og bygningslova set ikkje eit klart krav om ny høyring/offentleg ettersyn ved endringar i planframlegg. Det vil likevel kunne vere i strid med krava til handsaming av plan (pbl. §§12- 10 og 12-12) og om krava til medverknad (pbl. §5-1) dersom kommunen vedtek ei plan der det er gjort endringar med vesentleg verknad for arealbruken, utan at høyringsinstansane og andre som vert råka av endringa har fått høve til å uttale seg. Det er likevel ikkje slik at ei kvar endring vil utløse krav om ny høyring, og det kan gjerast mindre endringar i planforslaget, blant anna for å imøtekomme innkomne merknader frå høyringa og ettersynet, utan at saka må til ny offentleg høyring/ettersyn. I dette tilfellet er det ikkje gjort endringar i arealbruken. Det er gjort nokon mindre endringar i konsekvensutgreiinga, utan at dette påverkar dei samla konsekvensane i vesentleg grad, og nokon mindre endringar og presiseringar i plankart og føresegner. Endringane som er gjort i plankartet endrar ikkje arealbruken, og er gjort for å imøtekomme merknader og for å betre sikre områda det ikkje skal gjerast inngrep i. Endringane i føresegner er i hovudsak for å setje meir konkrete krav til avbøtande tiltak og dokumentasjon. Tilleggsutgreiingane som er gjort kring lokaliseringsval medfører ikkje endringar i planen, og er berre eit supplement. Vi kan ikkje sjå at endringane som er gjort er vesentlege eller at dei ville påverke synspunkta til dei som har merknader til planen, og ser såleis ikkje kva ny informasjon ei eventuell ny høyring vil kunne tilføre.»

Statsforvaltaren har ikkje merknader til kommunen si vurdering om behovet for ny høyringsrunde. Vi viser til at kommunen etter høyring og offentleg ettersyn kan gjere mindre endringar i planforslaget, mellom anna for å imøtekomme innvendingar.¹⁹ Kommunen kan på den andre sida ikkje vedta ein reguleringsplan med endringar av vesentleg betydning for arealbruken, som høyringsinstansen og andre råka ikkje har hatt moglegheit til å uttale seg om. Vi er einige med kommunen og forslagsstillar om at etterfølgjande endringar, notat og uttalar om økologisk kompensasjon og lokasjonsvurdering, er utdjupingar og tilsvar på innkomne merknader, som ikkje direkte råkar eller endrar den planlagde arealbruken og difor heller ikkje utløyser krav om ny høyringsrunde.

¹⁸ Jf. mellom anna oversending til Statsforvaltaren i Vestland den 10.05.2023, som inkluderer ei varslingsliste.

¹⁹ Sjå SOM-2022-1303, jf. også Innjord mfl., *Plan- og bygningsloven med kommentarer* (2020) s. 380.



Framgangsmåten i plan- og bygningslova kapittel 12 må reknast som dei rettslege minstekrava til ein medverknadsprosess, og desse krava er oppfylte. Klagepunktet fører difor ikkje fram.

Usakleg forskjellshandsaming

Det er i fleire av klagane hevda at kommunen forskjellshandsamar innbyggjarane og næringsaktørar i kommunen. Når det gjeld påstandar knytt til tidlegare planprosessar i kommunen, viser vi til Bremanger kommune si klagehandsaming s. 14 og 15, der dei gjer greie for tidlegare prosessar. Vi har ikkje merknader til desse vurderingane.

Det er i etterfølgjande merknader²⁰ vist til Statsforvaltaren i Vestland si handsaming av detaljreguleringsplan for Jostedalsbreen Gondol, der vi fremja motsegn datert 17.06.2025.²¹ Det er i merknadane hevda at mange av dei momenta som vi peika på som grunnlag for motsegn, også gjer seg gjeldande på Holmaneset, mellom anna alternativvurderinga, vassmiljø, verneområde og naturtypar. Vidare er det også vist til opphevingsvedtak frå Oksenøya bruk.²² Saka gjaldt klage på reguleringsplan som la til rette for variert bustadbygging og transformasjon av kulturminne til bustader og utovervendt verksemd. Reguleringsplanen vart oppheva på grunn av at naturmangfaldslova ikkje var tilstrekkeleg vurdert, jf. §§ 8 til 12, 49 og 9 og manglande vurdering av konsekvensane for naturverdiane utanfor planområde.

Statsforvaltaren er einig i at begge desse sakene har likskapstrekk med regulerings-saka for Holmaneset, og kan på nokre område i vurderinga nyttast som eksempelsaker. Sjølv om utgangspunktet i lova for vurderingane er like, så er det likevel slik at alle reguleringsplanar må vurderast konkret. Usakleg forskjellshandsaming er avgrensa til å gjere seg gjeldande i saker som er rettsleg og faktisk heilt like. Det er ikkje tilfelle i desse sakene. Det er vesentlege forskjellar i dei konkrete sakene, særleg knytt til kva det er regulert til, området reguleringsplanen ligg i og konsekvensane av reguleringsplanen – både dei positive og negative. Til dømes er det i Statsforvaltaren i Vestland si vurdering i denne saka, lagt avgjerande vekt på samfunnsnyttan og omsynet til etablering av grøn energi. Dette er moment som ikkje gjer seg gjeldande i vurderinga i Jostedalsbreen Gondol.

Det ligg ikkje føre usakleg forskjellshandsaming. Klagepunktet fører difor ikkje fram.

Oppsummering av handsaminga i kommunen og utgangspunktet for vår klagehandsaming

Det ligg ikkje lenger føre motsegn til reguleringsplanen slik den er vedtatt.²³ Vi viser også til vurderingane ovanfor og meiner Bremanger kommune si handsaming er i tråd med gjeldande regelverk, så langt gjeld planprosessen. Vilåret for at kommunen kan godkjenne planen er difor i utgangspunktet til stades, jf. plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 12-13. Vidare vil vi gå inn på dei konkrete klagegrunnane og gjere ei vurdering av dei.

Forholdet til overordna plan og andre planar

Det er i klagane hevda at områdereguleringa av Holmaneset ikkje er i tråd med overordna plan.

Rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel følgjer av plan- og bygningslova § 11-6. Holmaneset er i gjeldande kommuneplan²⁴ sin arealdel sett av til *bebyggelse og anlegg, noverande*

²⁰ Sjå tilleggsmerknad frå Harris advokatfirma AS datert 25.06.2025 m.fl.

²¹ Statsforvaltaren i Vestland sin ref. 2023/7202.

²² Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus, Bærum kommune, vedtak datert 23.06.2025, sak 2025/4186.

²³ Tidl. motsegn frå Fiskeridirektoratet og VLFK (administrativt), som begge er trekt etter tilpassingar i planen.

²⁴ Bremanger kommune, planid. 4648_201804, i kraft frå 15.10.2024. <https://www.arealplaner.no/4648/arealplaner/90>



næringsverksemd, BN55. Vi viser også til at området er underlagt omsynssone *Båndlegging for regulering etter pbl. H710_6*, jf. kommuneplanen sine føresegner pkt. 7.4.4 Båndlegging i påvente av regulering, H710_6 *Holmaneset, reguleringsplan for hydrogenfabrikk med utskipingsområde*.

Det er ikkje tvilsamt at det ligg føre eit plankrav for området.²⁵ Det er to typar reguleringsplanar; områderegulering og detaljregulering. Plankravet spesifiserer ikkje om det er krav til områderegulering eller detaljregulering. Områderegulering skal gi nødvendige områdeavklaringar der kommunen ser behov for det, medan detaljregulering er ein plan for gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vern. Detaljregulering skal brukast for å følge opp kommuneplanen sin arealdel og områderegulering.²⁶ Reguleringsplanen for Holmaneset er ein områdereguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-2. Senioradvokat Sandvik si tilvising til plan- og bygningslova § 12-3 tredje ledd, som gjeld detaljregulering, vert difor feil.

Vi forstår det slik at grunneigarane rundt Holmaneset, representert av senioradvokat Sandvik, meiner ammoniakkfabrikk er energianlegg, som ikkje kjem inn under gjeldande arealføremål. Statsforvaltaren er ueinig i dette. Vi følgjer kommunen si vurdering av at fabrikk for ammoniakkproduksjon er industri/næring, sjølv om det vert produsert energibærar. Vidare at «*Etablering av trafostasjon knytt til verksemd er vanleg å tillate innanfor føremål industri/næring, utan at det er avsett som eige føremål i overordna plan.*»

Føresegner for næringsføremål (1300), BN1 – BN72, følgjer av gjeldande kommuneplan pkt. 2.8. Felles for alle områda er at: «*Verksemd med vesentlege miljøulempar skal ikkje etablerast. I næringsbygg kan det vere kontorareal tilknytt verksemda i bygget. Utelagring skal vere ryddig, og skjerna med permanent bygning eller konstruksjon. Fylling i sjø skal avsluttast med mur, plastring, kai eller tilsvarande konstruksjon.*» Når det gjeld fellesføresegna for næringsføremål, spesielt at «*verksemd med vesentleg miljøulempar skal ikkje etablerast,*» er det frå klagarane hevda at etablering av fabrikk inneber nedbygging av natur med nasjonal verdi, med dei miljøkonsekvensane det inneber, forringar eit naturreservat og fører til utslepp i fjorden, og såleis at dette tiltaket vil medføre *vesentlege miljøulempar*. Det er spesielt peika på at konsekvensane av ammoniakkutslepp ikkje er tilstrekkeleg undersøkt og at samfunnsnyten er høgst tvilsam. Det er på bakgrunn av dette hevda at planen er i strid med overordna kommuneplan.

Statsforvaltaren forstår fellesføresegna for næringsføremåla, jf. pkt. 2.8. slik at «*Verksemd med vesentlege miljøulempar skal ikkje etablerast*» er meint å peike på dei næringsområda som ikkje har eit plankrav knytt til seg, jf. pkt. 1.3.1. For næringsføremåla i kommuneplanen, BN1 – BN72, er det knytt plankrav direkte i kommuneplanen pkt. 1.3.1, for 12 av områda, mellom anna for BN55. For dei områda der det er plankrav, skal konsekvensar og eventuelle miljøulempar, vurderast i plan. For dei områda det ikkje er knytt plankrav til, skal det ikkje etablerast «*Verksemd med vesentlege miljøulempar,*» då det heller ikkje er noko krav om grundigare utgreiingar knytt til desse områda.

Vidare viser vi til at det går fram av ROS til gjeldande kommuneplan pkt. 3.1.9. at *planlagt verksemd er storulukkeverksemd, og risiko og sikringssoner både i høve ny og eksisterande verksemd må avklarast i reguleringsplan*. Også teknisk infrastruktur (ny avkøyring) er vurdert og avklart.

Vidare følgjer det spesielt for område BN55 at: «*Næring Holmaneset. Plankrav saman med VFE2. Byggjegranser, plassering og utforming av tiltak, tryggleik mot naturfarar og samfunnstryggleik må*

²⁵ Sjå også kommuneplanen sin arealdel pkt. 6.2 og plankrav etter pkt. 1.3.1.

²⁶ Sjå meir under pkt. 2.4 i Kommunal- og distriktsdepartementet sin rettleiar for reguleringsplan.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/reguleringsplan/id2928063/?ch=2>



avklarast i detaljregulering. Omsyn til ålegraseng, Littleholmen og massebalanse, skal vektleggjast i planarbeidet.» Vi viser igjen til at reguleringsplanen som er til handsaming i denne klagesaka er ein områdereguleringsplan, og føreseigna knytt til BN55 er soleis ikkje treffande.

Statsforvaltaren har stilt spørsmål til Bremanger kommune om korleis vi skal forstå ordlyden i føreseigna knytt til BN55, jf. «*Byggjegranser, plassering og utforming av tiltak, tryggleik mot naturfarar og samfunnstryggleik må avklarast i detaljregulering.*» (vår understreking), jf. plan- og bygningslova § 12-3. Vi har vanskeleg for å sjå at det er dette (etterfølgjande detaljreguleringsplan) kommunen har meint når føreseigna kom på plass. Vi fekk svar den 24.06.2025. Kommunen viser til at dei valde å sette i gang ein områdereguleringsplan sidan planarbeidet vart sett i gang samtidig med avsluttinga av kommuneplanarbeidet. Vidare viser kommunen til at det gjennom planprosessen er fastsett detaljar som byggegrense mot sjø og veg, beste plassering og utforming av byggjetiltaka internt på området osv., som elles er på eit slikt detaljnivå at det hadde vore naturleg å avklara i ein detaljreguleringsplan. Tryggleik mot naturfarar og samfunnstryggleik er også avklart i planprosessen og KU/ROS. Vi viser også til at DSB ved bygging av anlegget og ved driftsstart, må inn og vurdere og godkjenne tryggleiken i tiltaket. Beredskapen knytt til anlegget skal då gåast gjennom og dokumenterast på detaljnivå. På bakgrunn av detaljnivået i områdereguleringa er det ikkje sett krav om etterfølgjande detaljregulering av område. Statsforvaltaren har ikkje merknader til dette.

Det er også hevda at områdereguleringa er i strid med samfunnsplanen i Bremanger kommune, utan at vi kan sjå at dette er nærmare grunngjeve. Vi legg til grunn at dette er knytt til at klagarane meiner det er usikker samfunnsnytte av ammoniakfabrikken. Det er også hevda at det er lagt for mykje vekt på at delar av området allereie er sett av til næringsføremål i kommuneplanen, utan at det tidlegare har vore tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane. Vi viser til at det i arbeidet med områdereguleringsplanen er gjort nye og grundige undersøkingar av naturverdiane, og dette går fram av plandokumentasjonen.

Vidare er det hevda at ei konsekvensutgreiing og naturkartlegging i samband med planarbeidet i 2010 sannsynlegvis ville medført at området ikkje hadde blitt lagt under næringsføremålet på grunn av naturverdiane og alderen på skogen. Knytt til dette viser vi kort til at sjølv om områdereguleringsplanen er i tråd med arealføremålet i kommuneplanen og eldre reguleringsplan, så skal det gjerast sjølvstendige og grundige utgreiingar av den spesifikke områdereguleringa. Dette er hovudomsynet bak eit plankrav fastsett i kommuneplanen, og dette viser at det er eit ønskje om at området skal utgreiast nærmare før eventuell næring i tråd med kommuneplanen vert etablert. Vi viser også til at var utført konsekvensutgreiing for reguleringsplanen i 2010, med ein noko anna metodikk og kvalitet. Vi kan ikkje sjå at dette er bestemmande for vurderinga av dagens reguleringsplan. Vi viser for ordens skuld til at det går fram av *Vurdering av reguleringsplanar KPA 2024* pkt. 51 at reguleringsplanen for Holmaneset frå 2010, blir erstatta av denne reguleringsplanen (*kan bli erstatta,*) jf. også den gjeldande omsynssona for Holmaneset.

Holmaneset ligg innanfor omsynssona for brann-/eksplosjonsfare (H350_2) for Djupavika-Forcit i KPA. Kommunen opplyser om at faresone for Forcit og Holmaneset er samordna i KPA, og vurdert i QRA, som ROS-analysen for området også byggjer på.

Det er frå klagarane stilt spørsmål til at Holmaneset først vart vurdert som ueigna for næring, for deretter å bli vurdert som eigna for storulykkeanlegg. Kommunen viser til vurderingane gjorde då planen vart vedtatt, der det mellom anna er vist til ei endra vurdering av konsekvensane for folkehelsa. Om området er eigna må uansett avklarast gjennom den konkrete reguleringsplanprosessen, og ei slik endra vurdering gjer ikkje at reguleringsplanen er i strid med overordna plan.



Avslutningsvis vil vi også peike på at planen er i tråd med nasjonale mål om grøn omstilling, jf. m.a. punkt 31 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging: «*Det legges til rette for grøn omstilling, bærekraftig verdiskaping og lønnsomme arbeidsplasser i hele landet.*» Regjeringa har i arbeidet med det grønne industriløftet peikt ut m.a. hydrogen som eit av fleire satsingsområde.²⁷

Områdereguleringsplanen er ikkje i strid med overordna plan. Klagepunktet fører difor ikkje fram.

Samfunnsnytte, naboulempen og andre ulemper knytt til etableringa av fabrikk

Det er i fleire av klagane frå privatpersonane peika på naboulempene som vil følgje av etablering av ammoniakkfabrikken. Det er mellom anna vist til støv-, støy-, luftureining, auka trafikk, auka skaderisiko, forringa utsikt, forringa moglegheit til friluftsliv og ro. Vidare er det peika på at det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til born og unge og at samfunnsnyttan av tiltaket er svært usikker.

Vi viser til at dette er omsyn som er vurdert i planprosessen, i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen. Mellom anna er det utarbeidd støykart og føresegner, knytt opp mot rettleiaren om støy.²⁸ Det er ikkje påvist nemneverdige ulemper over grenseverdiane for omkringliggjande eigedomar. Vurderingar av lysureining vil bli betre utgreidd i detaljprosjektering, når plasseringa av lyskjeldene vert avklart. Det er stilt krav om lyssettingsplan. Dette vil bli tatt omsyn til når det skal vurderast å gi løyve til tiltak i tråd med planen. Det er også vist til at det allereie er ein del skipstrafikk i området, og at potensiell auke i skipstrafikk er lita.

Vi viser til at det er kommunen som er planstyresmakt, og det er dei som etter ei konkret vurdering kan bestemme kva eit område skal regulerast til, trass i at reguleringa kan medføre naboulempen eller at heimelshavar på eigedomen kan vere ueinig i reguleringa/arealføremålet. Vi meiner at det som kjem fram i klagane om naboulempen, er tilstrekkeleg vurdert i planprosessen. Vi viser igjen til at kommunen med heimel i plan- og bygningslova har høve til å fastsette framtidig bruk av eit område, også der dette råkar andre private eigedomar.

Vidare er det hevda at omsynet til oppvekstvilkåra til born og unge og høvet til friluftsliv er for lågt vektat i vurderingane som er gjorde i planprosessen. Vi viser til planomtalen pkt. 8.1.10, jf. pkt. 8.1.5. og pkt. 6.9 om friluftsliv. Det går fram av planomtalen at området i hovudsak ikkje vert nytta av born og unge, og at born og unge sine interesser difor ikkje vert påverka, sett vekk frå generell bruk til friluftsliv og utfart.

Dette er også tatt opp og svara ut i merknadane der tilbakemeldinga er at «*Sjølv om friluftsliv kan vere ein viktig faktor er det ikkje berre friluftsliv som påverkar folkehelse og born og unge sine oppvekstvilkår. Planføremålet medfører ikkje tap av tilrettelagde friluftslivs- eller aktivitetsområde, verken for folkehelse eller for barn og unge, og det er gode høve til friluftsliv elles i området.*»

Det er også hevda at det ikkje er «*fremlagt vitenskapelig dokumentasjon på samfunnsnyttan*» av etableringa av ammoniakkfabrikken. Vi viser til at det går fram av konsekvensutgreiinga at anlegget på lang sikt er vurdert å gi ei positiv effekt på mellom anna folkevekst og attraktivitet. Kommunen viser i hovudsak til at etablering av «*hydrogenproduksjon og utnytting av fornybare energireservar er både nasjonalt og regionalt satsingsområde, og inngår i Regjeringa sin hydrogenstrategi (2020) og Meld. St. 13 (2020-2021), Klimaplan for 2021-2030. Av desse går det fram at infrastruktur for alternativt drivstoff som hydrogen, ammoniakk og biodrivstoff er nødvendig for å leggje til rette for nullutsleppstransport til*

²⁷ Jf. Veikart 2.0: Grønt industriløft.

²⁸ Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).



sjøs.» Det går fram av planarbeidet at samfunnsnyttene av utbygginga i form av reduserte utslipp av klimagassar er rekna til å vere stor, og planen er såleis i samsvar med nasjonale mål om grøn omstilling. Etableringa av anlegget er også vurdert gjennom konsekvensutgreiinga til å gje positiv påverknad på lang sikt for m.a. befolkningsvekst, attraktivitet og lokal næringsverksemd i Bremanger kommune. Det kan likevel stillast spørsmål til om samfunnsnyttene ville bli like stor ved etablering av tilsvarande anlegg i eit anna eller eit tilgrensande område, sjå vår vurdering av alternativsvurderinga nedanfor.

Etter ei samla vurdering meiner vi at klagegrunnane knytt til naboulempen, og manglande dokumentasjon på samfunnsnyttene, ikkje kan føre fram.

Manglar i ROS-analysen og vurderingane knytt til beredskap.

Det er i klagane hevda at det er manglar i ROS-analysen som er gjort, mellom anna for det som gjeld beredskapen knytt til anlegget. Det er mellom anna vist til faren for storulykke, uhell ved anlegget, skipskollisjon, ammoniakkutslipp i sjø osv.

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. plan- og bygningslova § 3-1 bokstav f, g og h. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle arealplansaker, i tillegg til krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vi viser til ROS-analysen datert 14.08.2024, utarbeida av Rambøll. Analysen er utarbeidd etter krava i plan- og bygningslova § 4-3, og i samsvar med gjeldande rettleiar frå DSB.²⁹ I ROS-analysen er det også vist til at det er gjort ei kvantitativ risikoanalyse, der mellom anna ammoniakkutslipp er vurdert.

Bremanger kommunen har opplyst om at DSB som sektormyndigheit har uttalt seg til planen den 25.10.2024. Dei har ikkje peika på manglar, og hadde ikkje merknader til ROS-analysen. Heller ikkje leiar for brannberedskapen i kommunen har merknader. Vi viser også til at DSB på eit seinare tidspunkt, ved bygging av anlegget og ved driftsstart, må inn å vurdere og godkjenne tiltaket. Beredskapen knytt til anlegget skal då gåast gjennom og dokumenterast på detaljnivå.

Vi viser til førebels samordna fråsegn frå Statsforvaltaren datert 07.11.2024 s. 12 og samordna fråsegn datert 19.02.2025 s. 6 (siste avsnitt). Statsforvaltaren skriv i samordna fråsegn at det er eit krav at *«reell risiko skal vere heilt og fullt kartlagt på siste plannivå. Kommunen må sjå til at det går klart fram av planen med føresegnar kva tiltak som må vere på plass for å ivareta tilfredsstillande tryggleik, som t.d. branntryggleik.»* Det går fram av reguleringsplanføresegna at etableringa av fabrikk er ei storulykkeverksemd, jf. pkt. 4.1, jf. storulykkeforskrifta.

Vi kan ikkje sjå at det er vesentlege manglar ved ROS-analysen, eller vurderinga av beredskapen knytt til anlegget. Vi legg til grunn at brann- og beredskapsarbeidet held fram i utbyggings- og driftsprosessen. Klagane fører difor ikkje fram på dette punktet.

Krav til konsekvensutgreiing (KU) og lokalitetsvurdering

Det er i fleire av klagane hevda at det ligg føre brot på faglege og rettslege krav til konsekvensutgreiing, mellom anna knytt til lys, luft- og lydureining (støy), utslipp og skadepotensiale, og spesielt knytt til konsekvensane for fuglar, Tennøyane naturreservat, fisk og

²⁹ Samfunnstryggleik i kommunens arealplanlegging, <https://www.dsb.no/ros-og-beredskap/kommuner/samfunnssikkerhet-i-samfunns--og-arealplanlegging/>



menneske. Det er i klagane også peika på at det burde vore krav til helsekonsekvensutgreiing (HKU) i saka.

Det er også peika på at det ikkje er gjort tilstrekkeleg relevante og realistiske alternativvurderingar, jf. KU-forskrifta § 19.³⁰ Dette er grunngeve med at val av lokasjon skulle vore gjort i samband med planprogrammet i kommuneplanens arealdel, ingen alternativ har vore tilstrekkeleg skildra eller vurdert, eller at andre lokasjonar er meir eigna, Holmaneset er tidlegare vurdert av kommunen som ueigna, og gjennomført alternativvurdering er mangelfull.

For plansaker er nærare utgreiingskrav konkretiserte i plan- og bygningslova kap. 4. Krava til konsekvensutgreiing (KU) for reguleringsplanar følgjer av plan- og bygningslova § 12-10 første ledd siste setning, jf. § 4-2 med tilhøyrande forskrift (KU-forskrifta). Det følgjer av plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd at «... for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkning for miljø og samfunn,» jf. forskrift om konsekvensutredning § 6.³¹ Det er ikkje tvilsamt at det er krav til konsekvensutgreiing for områdereguleringsplanen. Krava til konsekvensutgreiinga er lista opp i forskrifta kap. 5.

- Konsekvensutgreiing

Det følgjer av KU-forskrifta § 19, jf. § 17, kva som skal skildrast i konsekvensutgreiinga. Formålet med konsekvensutgreiingar er å klargjere verknaden av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Kravet til konsekvensutgreiing skal også sikre at det vert tatt omsyn til desse konsekvensane i planlegginga, sikre ein open planleggingsprosess, styrke avgjerdsgrunnlaget og auke kunnskapen om store utbyggingsprosjekt. Konsekvensutgreiinga for Holmaneset, som er godkjent saman med planen, er datert 25.03.2025 og utarbeidd av Rambøll. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at prosjektet har både positive og negative miljømessige og sosiale konsekvensar.

I Statsforvaltaren si førebelse samordna fråsegn, datert 07.11.2024, vart det mellom anna peika på at det var feil og manglar for nokre tema og kartavgrensingar av viktige naturområde i konsekvensutgreiinga. Etter dette er det gjort endringar i planen, og desse er skildra i kommunen si oversending av oppdatert plandokument den 28.01.2025.

Det er i klagane mellom anna vist til at det er ein feil i konsekvensutgreiinga, og at det ikkje er eit tjern i planområdet, men ein bekk. Det er stilt spørsmål til om bekken er raudlista og om han har årssikker vassføring. Det er også vist til at det er sett frosk (og hjort) i planområdet, noko som gjer at området ikkje har avgrensa verdi som amfibiehabitat. Når det gjeld bekken, så viser vi til at han ikkje er registrert med årssikker vassføring og det er svært lite sannsynleg at bekkar på Holmaneset har årssikker vassføring. Kravet i vassressurslova om kantvegetasjon gjer seg difor ikkje gjeldande. Bekken er heller ikkje raudlista. Vi viser også til at det går fram at området har avgrensa verdi som amfibiehabitat. Det er likevel ikkje utelukka at det er førekomst av t.d. frosk. Når det gjeld omsynet til hjort, viser vi til utgreiinga pkt. 6.4.1. Det er ikkje utelukka at det er hjort i området.

For det som gjeld lys- og støyureining, viser vi spesielt til utgreiinga pkt. 6.4.5 der det er gjort greie for dei direkte effektane av reguleringsplanen. Det er mellom anna vist til at drift på anlegget ikkje vil føre til redusert luftkvalitet i området. Når det gjeld støy, så er det i hovudsak auka menneskeleg nærvær som vil bidra til ein liten auke i støy i området, også for Tennøyane naturreservat. Vi viser til

³⁰ Sjå også ettersendt merknad frå Jostein Eimhjellen, datert 24.06.2025.

³¹ Forskrift om konsekvensutredning, KU-forskriften, FOR-2017-06-21-854.



reguleringsplanføresenga pkt. 2.1, jf. pkt. 2.12 bokstav c, der det er krav til mellom anna støyreducerande tiltak.

Vurderinga av null-alternativet, jf. KU-forskrifta §§ 20 og 21, er gjennomgåande for konsekvensutgreiinga og går mellom anna fram av tabell 8-1, 8-2 og 8-3.³² Det er i klagane hevda at nullalternativet i konsekvensutgreiinga byggjer på feil føresetnader. Det følgjer av KU-forskrifta § 20 at konsekvensutgreiinga skal innehalde ei skildring av den noverande miljøtilstanden og ei oversikt over korleis miljøet er antatt å utvikle seg dersom planen eller tiltaket ikkje vert gjennomført. Det er vidare presisert at skildringa skal byggje på tilgjengeleg informasjon.

I denne saka er nullalternativet for planområdet i planprosessen basert på detaljreguleringsplanen Holmaneset industriområde frå 2010.³³ Planen er brukt som null-alternativ fordi han er vurdert som den mest realistiske utviklinga for området. Det er likevel presisert (vedlegg 4b) at *«Prosjektområdet er et uberørt område (Figur 1-2). I dette vedlegget vurderer prosjektets påvirkning opp mot dagens miljøtilstand, som avviker fra det definerte nullalternativet. Sammenligningen er ikke relevant for alle temaer; Dermed dekker dette vedlegget følgende emner: Naturmangfold på land, Naturmangfold i sjø, Landskap, Kulturarv, Friluftsliv og Naturressurser. For de andre temaene vurderes prosjektet å ha samme virkning uavhengig av om prosjektet sammenlignes mot nullalternativet eller dagens miljøtilstand.»*

Vi har tidlegare peika på at eit realistisk utfall av ei konsekvensutgreiing er avhengig av eit realistisk val av nullalternativ. Vi meiner at reguleringsplanen frå 2010 som nullalternativ er lite treffande. Dette er dels avhjelpet med at seks av dei ti temaa som er utgreidde (ikkje klima), er vurderte opp mot dagens miljøtilstand (vedlegg 4b), som etter vår vurdering er i tråd med føreseigna. Vi viser til tolkningsfråsegn frå departementet,³⁴ som peikar på at den naturlege språklege forståinga av nullalternativet er at det er *«dagens faktiske og fysiske situasjon på stedet»* som skal leggjast til grunn. Gjeldande plangrunn fastset framtidig bruk, og skildrar ikkje den faktiske tilstanden. Der det er relevant, bør skildringa likevel også omfatte antatt utvikling dersom området vert utvikla i tråd med gjeldande plan. Det må i eit slikt tilfelle vurderast konkret om den gjeldande planen er eit realistisk alternativ, mellom anna med omsyn til alderen på planen, nye relevante styringsdokument eller kunnskap.

Departementet har også uttalt seg om Statsforvaltaren si mogelegheit til å overprøve kommunen si vurdering av nullalternativet. Det er peika på at kommunen er lokal planstyresmakt, og Statsforvaltaren har inga mogelegheit til å krevje endring av nullalternativet. Statsforvaltaren skal likevel orientere kommunen dersom det heftar feil ved konsekvensutgreiinga, og eventuelt inngi motsegn. I fråsegnene frå Statsforvaltaren til planen er det peika på fleire manglar ved konsekvensutgreiinga. Fleire av desse er følgde opp.

Vi ser også at kommunen i planvedtaket viser til at det gjennom planprosessen er kome fram ny kunnskap, som har gjort at kommunen no vurderer det som at den mest sannsynlege utviklinga av området (anna enn denne planen) vil vere at det vert liggande som i dag (utan inngrep), slik at ein bør vurdere konsekvensane opp mot dagens situasjon. Kommunen har difor lagt inn ein tabell som viser konsekvensane opp mot dagens situasjon. Konklusjonen er at reguleringsplanen vil få svært store negative konsekvensar for naturmangfald på land og noko negative konsekvensar for naturmangfald i sjø.

³² Sjå vedlegg 4a og 4B <https://www.arealplaner.no/4648/arealplaner/93>

³³ Detaljreguleringsplan Holmaneset industriområde, planID. 1438 2010 01.

³⁴ Tolkningsuttale frå departementet: Nullalternativet etter forskrift om konsekvensutredning § 20, datert 20.05.2025, ref. 24/1775-6. [Nullalternativet etter forskrift om konsekvensutredninger § 20 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/Nullalternativet-etter-forskrift-om-konsekvensutredninger-%24-1775-6)



Alle dei relevante opppramsa faktorane som kan verte påverka av planen, jf. forskrifta § 21, er skildra og vurderte i konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga i denne saka er tilpassa den aktuelle planen, og er relevant for dei avgjerdene som skal takast. Vurderingane som er gjorde i konsekvensutgreiinga, meiner vi er treffande for tiltaket som er planlagt. Det er tatt utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon, og kommunen/Rambøll har også innhenta supplerande informasjon i samband med planprosessen. Vidare går det fram av konsekvensutgreiinga at undersøkingane er gjorde av fagfolk og etter anerkjent metodikk, sjå pkt. 6.4.2 flg.

Vi har ikkje vurdert påstandane om behovet for ei eiga helsekonsekvensutgreiing (HKU) etter folkehelselova § 11. Vi meiner at potensielle konsekvensar for folkehelsa/helse for innbyggjarane i området er tilstrekkeleg vurdert i konsekvensutgreiinga, i tråd med føresegna i forskrifta.

Vi meiner minstekrava til konsekvensutgreiinga i hovudsak er oppfylte, jf. forskrifta kap. 5. Klagepunktet fører difor ikkje fram. Klagepunkta knytt til alternativvurderinga vert vurdert nedanfor.

- Alternativvurdering

I KU-forskrifta § 19 går det vidare fram av siste ledd at konsekvensutgreiinga skal gjere greie for alternativa til mellom anna lokaliseringa, og «*relevante og realistiske alternativ.*» Valet av lokalitet (m.m.) skal grunngjevast mot alternativa, og samanlikninga av verknaden for miljø og samfunn for dei ulike alternativa skal gå fram. Spørsmålet i saka er om det er gjort ei tilstrekkeleg god nok vurdering av om det finst «*relevante og realistiske*» alternativ til plassering av den planlagde verksemda på Holmaneset, som i tilfelle skulle vore utgreidde i konsekvensutgreiinga.

Utgangspunktet etter plan- og bygningslova og KU-forskrifta følgjer av plan- og bygningslova § 4-1 første ledd, jf. andre ledd, jf. også KU-forskrifta § 14 og § 19 siste ledd. I sistnemnde føresegn går det fram at «*Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå.*» Vurderinga av alternativ er i forarbeida³⁵ omtala som eit viktig element i arbeidet med konsekvensutgreiinga.

Vi viser til at det skal gjerast ei vurdering av alternative lokasjonar. Det er likevel berre relevante og realistiske alternativ som skal utgreiast, og det må difor gjerast ei vurdering av kva alternativ som finst. Denne vurderinga ligg i hovudsak til kommunen, og aller helst skal dette gjerast i innleiande fase av planlegginga.³⁶ Kva som er relevante og realistiske alternativ etter KU-forskrifta § 19 må vurderast konkret. Kva alternativ som skal vurderast, og kva kriterium som skal leggst til grunn og korleis desse skal vektast, må difor kome av ei konkret vurdering av det einskilde planforslaget. Relevante alternativ betyr at ein må sjå på alternative måtar å kunne oppnå målet med planen, og realistiske alternativ betyr at ein må vurdere om alternativa er mogeleg å gjennomføre. Vi viser også til at det same følgjer av ambassadedommen,³⁷ der det også er peika på at plikta til å utgreie om andre lokasjonar, må kunne avgrensast til aktuelle tomtealternativ.

I samordna fråsegn frå Statsforvaltaren datert 19.02.2025 er det halde fast ved at alternativvurderinga framleis ikkje er god nok. Planområdet har store verdiar for biologisk mangfald og naturverdiar, som har vist seg å vere større enn det som var kjent i ein tidleg fase av planarbeidet.

³⁵ Sjø Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s. 186.

³⁶ Jf. Miljødirektoratet si rettleiing M-1941 pkt. 2.2. [Konsekvensutredning av klima og miljø - KU-veileder - miljødirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/no/tema/konsekvensutredning-av-klimateknologi/konsekvensutredning-av-klimateknologi)

³⁷ HR-2009-1093-A – Rt. 2009/661



I tillegg er planområdet i strid med tiltakshierarkiet der det å unngå nedbygging (heilt) står øvst og kompensasjon står nedst.³⁸ Statsforvaltaren har frå starten av peika på at andre, realistiske alternativ skulle vore vurdert. I fråsegna går det også fram at det heller ikkje er gjort konkrete vurderingar av samlokalisering.

Det går fram av planskildringa pkt. 3.2.³⁹ at det er gjort ei nasjonal lokalitetsvurdering i forkant av planframlegget, jf. planskildringa datert 15.08.2024. Studie frå 2021 resulterte i fleire eigna stader, inkludert Holmaneset. Det går fram av denne vurderinga at «*Holmaneset ble identifisert som det eneste alternativet grunnet nærhet til transformatorstasjon, tilgjengelighet og reguleringsstatus.*» Holmaneset var i utgangspunktet ikkje ein del av den nasjonale vurderinga. I det innleiande arealsøket til Fortescue var det vist interesse for Ålfoten i Bremanger kommune. Det var kommunen sjølv som føreslo Holmaneset, då dette området allereie var regulert til industri og eigna for utskiping.

I Statsforvaltaren si tilbakemelding i samordna fråsegn, er det lagt avgjerande vekt på dei store naturverdiane som er i området, og at desse har vist seg å vere større enn først antatt. Det synest også som at det er lagt til grunn at det finst realistiske alternative lokalitetar i kommunen. Dette er avvist av kommunen, og det er difor ikkje utarbeidd KU for andre alternativ. Vi viser til førebels samordna fråsegn frå Statsforvaltaren datert 07.11.2024 s. 4 flg. og samordna fråsegn datert 19.02.2025 s. 4.

I etterkant av høyring, offentlig ettersyn og vurdering av innkomne merknader og fråsegner, er den lokale alternativvurderinga utdypa i notat datert 13.11.2024 frå forslagsstillar og i to notat frå kommunen.⁴⁰ Det er her gjort greie for den nasjonale alternativvurderinga, og den lokale vurderinga knytt til ulike lokasjonar i Bremanger kommune. Det er klaga på at noko av det som vert framstilt i desse notata er misvisande og feil, det er mellom anna vist til tabell som viser vurderingskriteria mellom Holmaneset, Smørhamn og Ålfoten. Kommunen har kommentert desse uklarheitene i klagehandsaminga, sjå s. 17 og 18. Advokat Sandvik har også sendt inn merknad på e-post den 28.07.2025, der det er vist til dokumentet «Gas Processing Plant Smørhamn,» utarbeidd av Bremanger Hamn og Næring. Det er vist til at det i dette dokumentet går fram at ei djupvasskai vert vurdert som mogeleg i Smørhamn, og at Smørhamn både teknisk og i storleik er eigna for industriføremål.

I kommunen si klagehandsaming (under pkt. *Manglande alternativvurderingar og villeiande informasjon om alternativvurderingar*) peikar kommunen på at det i denne saka ikkje er relevante og realistiske alternative lokasjonar (lokalt). Dei viser til at det er ein svært liten del av kommunen som er utbygd frå før. Vidare går det fram at det ikkje eksisterer industriareal som kan brukast om att eller andre regulerte område som har tilstrekkeleg storleik eller er eigna for føremålet. Alternativet vil då vere å ta i bruk annan urørt natur eller dyrka jord, som også er i strid med nasjonale føringar.

Sidan Smørhamn og Ålfoten er trekte fram som alternativ i merknadene, har kommunen gjort ei ny konkret vurdering av desse to alternativa (vedlegg 13). Konklusjonen var at alternativa ikkje var

³⁸ Sjå pkt. 1.1.2, og figur 1: Tiltakshierarkiet <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/plan--og-utredningsprogram/1-plan--og-utredningsprogram/1.1-nullalternativ>

³⁹ Sjå også konsekvensutgreiing datert 25.03.2025 pkt. 2.2.

⁴⁰ Oversending frå Bremanger kommune til SFVL datert 29.11.2024, *Tilbakemelding etter førebels samordna fråsegn frå statsforvaltaren*. Sjå også brev frå Rambøll og Henning Larsen datert 27.11.2024 og vedlegg 13 Vurdering av alternative lokasjonar for hydrogen- og ammoniakfabrikk i Bremanger kommune, datert 20.03.2025.



realistiske, og difor ikkje vart utgreidde nærmare. Dette er grunngjeve med nødvendig tilgang til sjø, utfordringar med infrastruktur m.m. Dette er også skildra i kommunen sitt planvedtak, der det går fram at: *«Ei samanstilling av konsekvensane for miljø- og samfunnstema viser at ei lokalisering i Smørhamn ville ha mindre konsekvensar for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv, men at andre omsyn som tilgang på straum og innseglingsforhold gjer området ueigna. Ei lokalisering i Ålfoten ville m.a. gje større konsekvensar for landbruk og jordvern, og området er ueigna på grunn av infrastrukturen (eit fabrikkannlegg med kai vil m.a. stenge vegtilkomst til kraftstasjonar i Åskora og Øksenelvane).»*

Vi viser til at vurderinga av dei ulike alternativa skal bli gjort greie for og dokumenterast. Omfanget av dokumentasjons- og utgreiingskravet går ikkje tydeleg fram av føresegna. Det må likevel stillast krav til eit avgjerdsgrunnlag av eit visst omfang, der det er valt ut ulike alternativ, alternativa er skildra og vurdert, slik at det er mogeleg å ta stilling til kva alternativ som er best eigna, samla sett.⁴¹ Omfanget må også sjåast i lys av kor omfattande planen er og kva konsekvensar den kan medføre. Vurderinga av alternative lokasjonar skal til ei viss grad byggje på skjønn, men det må leggjast til grunn at det skal gjerast ei forsvarleg og sakleg vurdering.

Basert på dei opplysningane vi har om naturmangfaldet på Holmaneset, meiner vi at reguleringsplanen, trass forholdsvis lite omfang, vil kunne få store konsekvensar, sjå nærare om dette nedanfor. Dokumentasjons- og utgreiingskravet knytt til alternativ lokalisering vert difor skjerpa.

For dei alternativa som ikkje er relevante og realistiske, skal dette vere forklart og grunngjeve. Det kan tenkast at det ikkje er relevante og realistiske alternativ, i slike tilfelle er det berre planen/tiltaket som skal konsekvensutgreiast og vurderast opp mot nullalternativet. Det er også sentralt i denne vurderinga at alternativa er med i planprogrammet som er på høyring. Også dei lokasjonane som er vurderte som ikkje relevante og realistiske, skal skildrast i konsekvensutgreinga, med grunngjeving for kvifor ein har vurdert dei som ikkje relevante og realistiske.

Saksutgreiinga til kommunen og forslagsstillar viser at det før planforslaget (ikkje lokal alternativsvurdering) og undervegs i planprosessen er gjort vurderingar av alternative lokasjonar for fabrikkene. Det er gjort vurderingar knytt til miljø og inngrep, tekniske krav og fabrikkens sentrale behov.

Statsforvaltaren viser til at kommunen i notat (vedlegg 13) datert 20.03.2025 har gjort ei vurdering av dei tre alternativa i Bremanger kommune, Holmaneset, Ålfoten og Smørhamn. Det er denne vurderinga av (lokale) alternativ som vi tidlegare har etterlyst som ein del av planprosessen og vurderingane i planarbeidet. Etter vår vurdering ser det ut til at dette notatet oppfyller krava til alternativvurdering etter plan- og bygningslova, jf. også KU-forskrifta, sine føresegner.

Vi har etter ei samla vurdering kome til at den alternativsvurderinga som no er gjort, er tilstrekkeleg grundig. Slik vi vurderer saka er det ikkje lenger tvil om undersøkingane av om det finst relevante og realistiske alternative plasseringar er omfattande nok til å innfri krava i KU-forskrifta. Vi meiner likevel at alternativsvurderinga skulle vore ein del av det innleiande arbeidet med planen, og ho skulle vore på høyring. Isolert vurdert, er dette ein sakshandsamingsfeil. Sakshandsamingsfeil kan føre til ugyldigheit dersom det kan ha fått verknad for innhaldet i reguleringsplanen, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

⁴¹ Sjå døme i sak SOMB-2011-709 og SOMB-2022-1343.



Etter vårt syn har manglar ved alternativsvurderinga i den innleiande delen av planprosessen, blitt reparert i etterfølgjande handsaming, og dette har difor ikkje verka bestemmende på godkjenninga av planen. Vi viser mellom anna til rettspraksis, der det er lagt til grunn at plikta til å utgreie om andre lokasjonar, kan avgrensast til andre relevante og realistiske (aktuelle) lokasjonar.⁴² Det er no gitt ei god nok grunngjeving om kvifor Holmaneset er det einaste relevante og realistiske alternativet. Ut frå dokumentasjonen i saka er det ikkje peika på alternativ som ikkje allereie er vurdert og forkasta, og vi har vanskeleg for å sjå kva ytterlegare undersøkingar forslagsstillar skulle blitt pålagt.

Vi meiner minstekrava til alternativsvurderinga knytt til alternativ lokasjon er oppfylt, jf. plan- og bygningslova, jf. KU-forskrifta. Klagepunktet fører difor ikkje fram.

Økologisk kompensasjon

Sjølv om økologisk kompensasjon etter vår vurdering skal vere ein «siste utveg», er det positivt at det er tatt med i planen. Vi viser difor til at økologisk kompensasjon, jf. planføresegna pkt. 2.12 bokstav g, må sjåast i samanheng med alternativsvurderinga. Vi er einige med klagarane i at økologisk kompensasjon skal nyttast til å erstatte tapte naturverdiar, der ingen andre alternativ er mogeleg og tiltaket har svært stor samfunnsnytte. Etter kommunen si alternativvurdering, der Holmaneset er vurdert som einaste relevante og realistiske lokasjon, meiner vi det er positivt at kommunen har tatt med økologisk kompensasjon som eit verkemiddel for å forsøke å avgrense økologisk tap så godt som mogeleg. Klagepunktet om økologisk kompensasjon fører difor ikkje fram.

Vurderingane etter naturmangfaldlova

Store delar av klagegrunnane i alle klagane er knytt til vurderingane etter naturmangfaldlova, dei store naturverdiane som er på Holmaneset og dei negative konsekvensane reguleringsplanen får for naturmangfaldet. Spørsmålet er om naturmangfaldet og naturverdiane i og rundt planområdet er tilstrekkeleg kartlagt og utgreidd.

- Generelt

Naturmangfaldlova stiller krav til sakshandsaminga ved utøving av offentleg styresmakt som vedkjem naturen. Bremanger kommune sitt vedtak om å godkjenne områdereguleringsplanen på Holmaneset er utøving av offentleg styresmakt, og reguleringa vedkjem utan tvil naturmangfaldet i området. Det følgjer av § 7 første punktum at miljøprinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet:

- § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for avgjerdene
- § 9 stiller opp et «føre-var-prinsipp»
- § 10 seier at påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den «samlede belastningen» systemet er eller vil bli utsett for
- § 11 bestemmer at tiltakshavaren skal bere kostnadene ved å hindre eller avgrense naturskadane ved tiltaket
- § 12 krev at ein prøver å unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet gjennom val av driftsmetodar, teknikk og lokalisering

Vidare følgjer det av naturmangfaldlova § 7 andre punktum at «*vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen*». Det er presisert i juridisk litteratur⁴³ at det skal gå fram av avgjerda kva rolle prinsippa i §§ 8 til 12 har spelt for avgjerda. Sivilombodet har i si fråsegn⁴⁴ peika på at også veginga

⁴² Ambassadedommen HR-2009-1093-A – Rt. 2009/661

⁴³ Inge Lorange Backer skriv i *Naturmangfoldloven Kommentartutgave* (2010) på s. 86 om naturmangfaldlova § 7 og grunngjeving.

⁴⁴ Sivilombodet sak 2022/3102, i avsnitt 43.



mot andre omsyn skal kome fram i grunngjevinga. Departementet har i fråsegn frå 2011⁴⁵ peika på korleis saker som gjeld plan- og bygningslova og naturmangfaldlova skal handsamast og vurderast. Det går mellom anna fram at «*Jo mer og verdifullt naturmangfold som berøres, desto grundigere må saken vurderes etter loven.*»

Det er det organet som gjer vedtak som har ansvaret for at føresegna i § 7 vert oppfylt og kravet til kunnskapsgrunnlag er som vanleg forsvarleg saksopplysning, jf. forvaltningslova § 17.⁴⁶ Naturmangfaldlova gjer ikkje noko unntak frå dette, men skjerpar til dels kravet gjennom §§ 8-12. Det blir difor stilt strenge krav til saksførebuing, dokumentasjon, vurderingar og vektlegging i alle vedtak som rårar naturmangfaldet. Undersøkningsplikta må vere overhalden både på tidspunktet for kommunen sitt vedtak og Statsforvaltaren sitt vedtak.

- *Kunnskapsgrunnlaget*

Saka må difor vere utgreidd i tråd med naturmangfaldlova § 8. Statsforvaltaren har i klagesaker over reguleringsplan full prøvingsrett og -plikt, og har ansvar for å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok før det vert gjort vedtak i klagesaka. Føresegna framhevar og konkretiserer det alminnelege forvaltningsrettslege prinsippet om at forvaltninga sine avgjerder skal vere forsvarleg utgreidd og bygge på korrekte opplysningar om dei relevante faktiske forholda.⁴⁷ Sjølv om planforslaget er i samsvar med overordna plan, er kommunen likevel ikkje bunden til å vedta reguleringsplanen.⁴⁸ Krava om eit oppdatert kunnskapsgrunnlag vil derfor gjelde. Kommunen må gjere ei sjølvstendig vurdering av om det er grunn til å vidareføre planføremålet.

Ein følge av dette vil vere at kunnskapsgrunnlaget for naturmangfaldvurderingane må bygge på oppdatert kunnskap. Tilstrekkeleg opplysning av naturverdiane i området og korleis desse vil bli påverka av planen, er ein føresetnad for at vurderinga av dei andre naturmangfaldprinsippa blir riktige. Det følgjer mellom anna av sivilombodspraksis at «*Dersom det foreligger arter og naturverdier av nasjonal eller særlig viktig regional interesse, vil kravene til kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfoldloven § 8 skjerpes, jf. § 8 første ledd andre punktum.*»⁴⁹

Det er ikkje tvilsamt at naturmangfaldet på Holmaneset vert sterkt påverka av reguleringa. Det er heller ikkje tvilsamt at det førekjem viktige naturverdiar på Holmaneset. Denne «risikoen» for skade på naturmangfaldet styrkar også kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8 første ledd siste setning.

Hovudregelen er at naturmangfaldlova § 8 stiller krav om å vurdere *eksisterande* kunnskap, og ikkje stiller krav til innhenting av ny kunnskap, dette kan berre krevjast unntaksvis. Det følgjer likevel vidare av naturmangfaldlova § 8 første ledd siste setning at «*[k]ravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*» I rettleiar frå Klima- og miljødepartementet om naturmangfaldlova⁵⁰ er det lista opp kva som er omfatta av rimelegheitsvurderinga og når ein må hente inn ny kunnskap. Dersom det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og effekten på naturmangfaldet, følgjer det av føre-var-prinsippet, jf.

⁴⁵ Planjuss 1/2012 side 4, <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrevfrakmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/>

⁴⁶ Jf. Klima- og miljødepartementet si rettleiar T-1554 B s. 24.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittel-ii/id2481368/>

⁴⁷ Jf. Backer Naturmangfoldloven, Kommentartutgave (2010) s. 88.

⁴⁸ Jf. SOMB-2024-1708.

⁴⁹ Jf. SOMB-2024-1708, sjå også Planjuss 1/2012 side 4,

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrevfrakmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/>

⁵⁰ Rettleiar frå Klima- og miljødepartementet om naturmangfaldlova kapittel II, punkt 6.6.1.



§ 9, at det bør innhentaast meir/betre informasjon for å hindra ei usikker følgje. Førre-var prinsippet rettleiar om korleis ein skal handtere usikkerheit knytt til t.d. kva naturmangfald som vert påverka og kva effekt ei eventuell påverknad vil få.

Vi viser til at heile Holmaneset er kartlagt og har svært stor naturverdi. Det er ein naturtypelokalitet av typen «*gammel furuskog med gamle trær*» som etter verditablellen i rettleiar M-1941 har *Svært stor verdi*. Av områda med gamal furuskog som er kartlagde er dette ein av dei eldste skogførekomstane ved havnivå i fylket, og representerer slik sett ein sjeldan del av mangfaldet av naturtypar på Vestlandet. I tillegg er det kartlagt fire lokalitetar med tre ulike marine naturtypar i Holmasundet; ålegraseng, blautbotnområde i strandsona og tareskog, med *stor* og dels *svært stor* verdi.

I overkant av 1 km frå Holmaneset ligg fuglereservatet (naturreservat) Tennøyane. Det følgjer av naturmangfaldlova § 49 at dersom ei verksemd (som krev løyve etter anna lov) kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane vektleggjast i avgjerda av om løyve skal gis. Førresegna inneber at verneverdiane er eit pliktig omsyn og dette skjerpar vurderingane av naturmangfaldsprinsippa i denne saka, inkludert kravet til kunnskapsgrunnlag etter § 8.

På bakgrunn av verdiane i området på og rundt Holmaneset, legg vi til grunn at saka krev grundige vurderingar etter naturmangfaldslova § 7, jf. §§ 8-12, jf. også § 49.

Etter høyringsperioden er delar av konsekvensutgreiinga for naturmangfald på land gjennomgått på nytt. Dette gjorde at verdisetjinga på området auka. I vedtak datert 20.03.2025 er det vist til at reguleringsplanen vil få «*svært store negative konsekvensar for naturmangfaldet på land, sett opp mot dagens tilstand, og noko negativ konsekvens for naturmangfaldet i sjø.*» Naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jf. § 7 er vurdert på s. 18. Det er i hovudsak vist til konsekvensutgreiinga kap. 6.4.2 (naturmangfald på land) og 6.5.2 (marin økologi). Vidare er naturmangfald og naturmangfaldslova vurdert i planomtalen pkt. 8.1.2, s. 80 flg.

Det går fram av dokumentasjonen i saka at «*Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg for planområdet, sjølv om det kan vere noko mangelfullt knytt til prosjektrelatert lysureining og verknaden av auka skipstrafikk på fuglelivet i Tennøyane naturreservat. Ved vurdering av konsekvens for desse områda er «føre-var»-prinsippet lagt til grunn. Innanfor tiltaksområdet er naturmangfaldet tilstrekkeleg kartlagt, slik at «føre-var»-prinsippet ikkje kjem til bruk.*»⁵¹

Vi viser for ordens skuld til at sjølv om heile Holmaneset er kartlagt og har svært stor naturverdi, så er det berre resultatet av den opphavlege naturkartlegginga frå mai 2023 som ligg i Naturbasen til Miljødirektoratet; der det er identifisert tre naturtypelokalitetar av svært stor og stor verdi. Under gjennomgangen av konsekvensutgreiinga for utbygginga, peikte Statsforvaltaren på at avgrensinga av lokalitetane var gjort på feil grunnlag, og at det er alderen av skogen som er utslagsgjevande for avgrensinga av ein naturtypelokalitet av denne typen (gammal furuskog). Etter aldersmålingar på heile Holmaneset i november 2024 blei det stadfesta at heile området er dekt av skog som er 2-300 år gammal, og KU blei revidert i tråd med dette i januar 2025.

Kunnskapsgrunnlaget er i planomtalen og av kommunen vurdert som tilstrekkeleg, men noko mangelfullt knytt til påverknaden på Tennøyane naturreservat. Vidare går det fram av planomtalen at kunnskapsgrunnlaget for naturmangfaldet i sjø er vurdert som godt. Etter vår vurdering føreligg det god nok kunnskap om eksisterande naturmangfald, konsekvensane og påverknadsgraden i

⁵¹ Sjø planvedtaket datert 20.03.2025, s 18.



planområdet. Kunnskapsgrunnlaget for planområdet i seg sjølv, er difor tilstrekkeleg og i tråd med naturmangfaldlova § 8.

Vidare har kommunen vist til at kunnskapsgrunnlaget er noko mangelfullt knytt til lysureining og auka skipstrafikk, og kva påverknad dette har på Tennøyane naturreservat – som er verna både på land og i sjøområdet rundt øyane. Dette går mellom anna fram av konsekvensutgreiinga pkt. 6.4.9, der det står at det er usikkerheit knytt til korleis dyrelivet vil reagere på påverknadsfaktorar som støy, lys og skipstrafikk. Vi viser til at Tennøyane naturreservat er verna ved forskrift⁵² og konsekvensane for naturreservatet skal takast spesielt omsyn til, jf. naturmangfaldlova § 49. På bakgrunn av denne usikkerheita går det fram av dokumentasjonen i saka at føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, er lagt til grunn for vurderinga knytt til Tennøyane naturreservat.

Det går fram av konsekvensutgreiinga, knytt til delområde 7 – Tennøyane naturreservat at *«Ut fra usikkerheten knyttet til påvirkningsgraden ifm. økt båttrafikk, og bruken av føre-var-prinsippet slik det er lovfestet i naturmangfoldloven §9, er påvirkningsgraden satt til noe forringet ved at de direkte virkningene av den økte båttrafikken vurderes å utgjøre en mulig forstyrrelse for fauna i delområdet. Forsynende, regulerende og støttende økosystemtjenester vurderes ellers å forbli intakte.»* Slik vi forstår dette er påverknadsgraden auka til *noe forringet*, etter ei føre-var vurdering, jf. naturmangfaldlova § 9.

Ut frå vår vurdering er det tvil om konsekvensane tiltaket vil få for naturverdiane på Tennøyane naturreservat. Usikkerheita skuldast ikkje manglande kunnskap om kva naturverdier som vert råka, men manglande kunnskap om korleis det aktuelle tiltaket vil påverke dei kartlagde naturverdiane. Denne usikkerheita er der sjølv om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt. Det er tatt omsyn til denne usikkerheita, gjennom ei føre-var vurdering av mogelege konsekvensar for Tennøyane naturreservat. Påverknadsgraden er auka og det er tatt med og synleggjort i plandokumenta at det er knytt usikkerheit til påverknadsgraden for Tennøyane naturreservat.

Vi har på bakgrunn av vurderingane ovanfor kome til at kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn på tidspunktet for Bremanger kommune sitt vedtak og vårt vedtak var godt nok, jf. naturmangfaldlova § 8. Vi har i denne vurderinga også lagt vekt på dei føre-var vurderingane som er lagt til grunn for delar av kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 9.

- *Kommunen sine vurderingar. Veking av interesser og viktige omsyn*

Vidare viser vi til at det i kommunen sitt planarbeid også skal kome til uttrykk korleis prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er vekta opp mot andre omsyn. På grunn av at naturmangfaldet på Holmaneset gjer seg gjeldande i stor grad, meiner vi at kravet til vurderinga av prinsippa i naturmangfaldlova er skjerpa og at det må gjerast svært grundige vurderingar og avvegingar.

Naturmangfaldet på Holmaneset er vurdert i vedtak datert 20.03.2025, klagehandsaming datert 17.06.2025 og i planomtalen datert 14.03.2025, jf. pkt. 8.1.2. I sistnemnde er prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 lista opp, jf. § 7.

Det er vurdert at den samla belastninga på økosystemet ikkje er spesielt stor, og ho vil i liten grad auke. Tiltakshavar er ansvarleg for avbøtande tiltak og eventuell økologisk kompensasjon.

I klagehandsaminga syner kommunen til at dei har gjort sjølvstendige vurderingar etter naturmangfaldlova, men at desse er like som dei fagkyndige (konsekvensutgreiinga) sine vurderingar. Frå klagehandsaminga datert 08.05.2025, jf. oversendinga s. 16 går dette fram:

⁵² [Forskrift om vern av Tennøyane naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata](#)



«Manglande sjølvstendige vurderingar etter nml. §§8-12

Fleire av klagarane klagar på at kommunen ikkje har gjort sjølvstendige vurderingar etter naturmangfaldlova §§8-12, og at vurderingane som er gjort er plagiat av plankonsulent sine vurderingar i konsekvensutgreiinga. Kommunen har ikkje gjort egne feltkartleggingar eller konsekvensvurderingar, og har ikkje fagkompetanse i kvar sak til å overprøve fagkunnige sine vurderingar. Konsekvensutgreiinga som er gjort er utført og kvalitetssikra av fagkunnige biologar, marinbiologar etc., og kommunen må legge desse utgreiingane til grunn for egne vurderingar. Sjølv om kommunen sine vurderingar i stor grad er samanfallande med fagkunnige sine vurderingar går vurderingar fram i saksutgreiing/vedtak, og kravet til vurdering etter naturmangfaldlova §§8-12 er oppfylt.»

Nøyaktig det same er teke inn klagehandsaminga 17.06.2025 s. 15.

Vi kan ikkje ut frå dokumentasjonen i saka sjå at det er gjort gode nok vurderingar av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og veginga opp mot andre samfunnsomsyn er meir eller mindre fråverande. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til føresegna, presentere funn frå konsekvensutgreiinga og stadfeste at føresetnadane i føresegna er stetta.

Det skal også gjerast vurderingar av naturmangfaldet utanfor planområdet, mellom anna påverknaden på Tennøyane naturreservat (raudlista fuglar). Det er i klagane peika på at det ikkje i tilstrekkeleg grad er tatt omsyn til konsekvensane for naturmangfaldet i Tennøyane naturreservat. Det er også peika på at Tennøyane naturreservat ikkje i tilstrekkeleg grad er tatt omsyn til i ROS-vurderinga, og det er peika på at utslepp frå fabrikk eller ulykker vil kunne få fatale konsekvensar for naturmangfaldet på Tennøyane.

Statsforvaltaren er einig i klagarane sine påstandar om at prinsippa i naturmangfaldlova ikkje er tilstrekkeleg vurderte og vekta av kommunen, og i alle tilfelle at dette ikkje går tilstrekkeleg tydeleg fram av plandokumenta. Dette gjeld både innanfor og utanfor planområdet. Krava til vurderinga etter naturmangfaldlova er skjerpa, både på grunn av dei høge naturverdiane innanfor planområdet og at området grensar til eit naturreservat.

Etter å ha gått gjennom saksframstillinga og dokumentasjonen i saka ser vi at det ikkje er gjort ei systematisk vurdering av planforslaget etter naturmangfaldlova av kommunen, slik naturmangfaldlova § 7 føreset. Det er i planomtalen vist til §§ 8 – 12, men det er etter vår syn berre ein presentasjon av faktiske omstende, inga vurdering eller veging opp mot andre omsyn. Vi saknar difor ei reell vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova utført av kommunen og ei systematisk gjennomgang av desse i lys av §§ 8 – 12, med både vurdering og veging, slik lova krev. Dette må også omfatte naturmangfaldet på land, i sjø og i omkringliggjande område, særleg Tennøyane naturreservat.

Naturmangfaldlova § 7 er ein sakshandsamingsregel og gir grunngevingsplikt, og unnlatning av å oppfylle dette kravet er ein sakshandsamingsfeil som kan føre til ugyldigheit dersom det kan ha fått verknad for innhaldet i planen, jf. forvaltningslova § 41.⁵³ Når ein vedtek planar med store konsekvensar for naturmangfald og -verdier, kan manglande vurderingar og grunngevingar opp mot naturmangfaldlova sine prinsipp i §§ 8 – 12 få innverknad på innhaldet i vedtaket. Vi viser til at det undervegs i planprosessen også er kome noko ny kunnskap, som tydelegare må takast med og synleggjerast i vurderingane. I tillegg skal naturmangfaldet og -verdiane, både på land, i sjø og i tilgrensande naturreservat vegast opp mot andre omsyn. Vi kan på bakgrunn av vurderingane ovanfor ikkje sjå vekk frå at dei nemnde manglane kan ha verka inn på utfallet i saka, jf. prinsippet i

⁵³ Sjå mellom anna SOMB-2018-1219.



forvaltningslova § 41. Vi er difor kome til at det er grunnlag for å oppheve planvedtaket og sende saka tilbake til Bremanger kommune for ny handsaming.

Vi meiner minstekrava til vurderinga etter naturmangfaldlova ikkje er oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12 og at dette kan ha verka inn på innhaldet i planen. Klagepunktet fører difor fram.

Oppsummering

Vi viser til at det er kommunestyret som er ansvarleg for å avgjere kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12. Kommunen har generelt stor fridom til å vurdere arealbruken, og det skal mykje til for at kommunen sine konkrete vurderingar vert overprøvde i plansaker som ikkje utløyser motsegn.

Ut frå det som er nemnt over, vurderer Statsforvaltaren det slik at planen har vore gjenstand for ein demokratisk prosess, der sektorstyresmakter og råka partar har fått høve til å medverke. Nokre brot på sakshandsamingsreglane og manglar er reparerte i klageomgangen. Vi har også kome til at Bremanger kommune ikkje har teke usaklege omsyn i vurderinga av arealbruken.

Vi har likevel kome til at det er manglar i Bremanger kommune si vurdering etter naturmangfaldlova, jf. § 7, jf. §§ 8-12, og § 49. Vi viser til gjennomgangen ovanfor. På bakgrunn av dette er delar av klagegrunnane tatt til følgje.

Vi opphevar Bremanger kommunestyre sitt vedtak datert 20.03.2025, sak KST-003/25, der områdereguleringsplanen for Holmaneset, planid. 202301, vart godkjent. Vi sender saka tilbake til Bremanger kommune for ny vurdering. Vi ber kommunen om å gjere ei grundigare vurdering og veking etter naturmangfaldlova, jf. § 7, jf. §§ 8-12.

Vi viser for ordens skuld til at det er kommunen som er øvste arealstyresmakt etter plan- og bygningslova, og det er difor kommunen som etter ei totalvurdering avgjer korleis areala skal brukast. Når vi no har konkludert med at det ligg føre manglar i vedtaket, er det kommunen som er nærmast til å vurdere kva slags verknad manglane kan få for arealdisponeringa i området.

Vi vil også vere tydelege på at vi med vårt opphevingsvedtak ikkje har meint å leggje føringar for utfallet ved den fornya handsaminga av saka. Vi vil likevel peike på at kommunen sitt vedtak må oppfylle krava i lova til grunngjeving, jf. forvaltningslova og naturmangfaldlova.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Klagane har delvis ført fram. Etter forvaltningslova § 36 skal då klagarane gjerast kjent med retten til å få dekning for vesentlege sakskostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket. Eventuelle krav om sakskostnader må setjast fram innan tre veker frå dette brevet vart motteke. Kravet skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland. Utgiftene skal vere dokumenterte og vere knytt til den faktiske endringa i vedtaket. Utgifter til eige arbeid med klagen vert normalt ikkje dekt.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
Statsforvaltar

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Kopi til:**

Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Silje K Furesund Dyrstad	Nesbøvegen 617	6723	Svelgen
Bjørn Dyregrov Haukeland	Nesbøvegen 617	6723	Svelgen
Sissel E Furesund Dyrstad	Schweigårds Vei 15	5063	Bergen
Trude Hessvik-Trøite	Eventyrveien 38	3055	Krokstadelva
Andreas Hessvik-Trøite	Eventyrveien 38	3055	Krokstadelva
Toya Therese Hatledal	Nesbøvegen 789	6723	Svelgen
Kristin Johanna Bratland	Nesbøvegen 789	6723	Svelgen
Svein Olav Hessvik	Nesbøvegen 792	6723	Svelgen
Ståle Martin Dyrstad	Nesbøvegen 615	6723	Svelgen
Anne Bjørnsen	Furmyrhatlen 22 A	6018	Ålesund
Reidun Øvrebotten	Hans Egstads Veg 1 A	2319	Hamar
Andrea Kramarova	Sandvegen 32 C	6723	Svelgen
Rasmus Leirvik	Nesbøvegen 869	6723	Svelgen
Svanhild Henny Leirvik	Nesbøvegen 869	6723	Svelgen
Linda Leirvik	Postboks 17	6721	Svelgen
Magnus Leirvik	Nesbøvegen 870	6723	Svelgen

Mottakerliste:

Karl-Heinz Wenderoth	Richard-Vosgerau-Str.120, 24340 Eckernförde, Germany		
Sissel Breivold Roland	Romsdalveien 99	9537	Tverrelvdalen
Marit Nyvang Dyrstad	Lundenvegen 29	6770	Nordfjordeid
Lars Roald Løvfald	Øyratunet 11	6723	Svelgen
Trude Hessvik-Trøite	Eventyrveien 38	3055	Krokstadelva
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I BREMANGER	Erlevegen 11	6723	SVELGEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
FOLKEAKSJONEN MOT ETABLERING AV HYDROGEN- OG AMMONIAKKFABRIKK PÅ HOLMANESET	c/o Frode Steinset Gamlevegen 36	6729	KALVÅG
HARRIS ADVOKATFIRMA AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN